

Vedtekter for Sunnfjord SV

Vedtekne på skipingsmøte for Sunnfjord SV - 27.11.2018.

Som vedtekter for Sunnfjord SV gjeld dei sentrale partivedtektene i tillegg til punkta nedanfor.

§ 1. Namn

Sunnfjord Sosialistisk Venstreparti er eit lokallag i Sosialistisk Venstreparti (SV).

§ 2. Årsmøtet

Årsmøtet er det høgste organet i Sunnfjord SV. Det skal kallast inn til årsmøte med minst 21 dagars varsel. Medlemmer som ønskjer å reise saker på årsmøtet, må sende framlegg til styret seinast 14 dagar før møtet. Innkalling av årsmøtet med dagsorden skal sendast ut seinast 7 dagar før møtet.

Alle medlemmar i Sunnfjord SV har stemmerett på årsmøtet. Styret har ikkje røysterett ved godkjenning av rekneskap og årsmelding.

Årsmøtet vel møteleiar, referent og om nødvendig redaksjonskomité.

Årsmøtet skal minst handsame:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Budsjett
- Arbeidsplan
- Innkomne saker
- Val

§ 3. Val

Årsmøtet vel eit styre med 6 medlemmer med 2 varamedlemmer i rekkefølgje. Leiar og to av styremedlemmene er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar, nestleiar og kasserar. I tillegg vel årsmøtet utsendingar til fylkesårsmøtet, 2 revisorar og valnemnd med minst 3 medlemmer. Året før kommunestyreval skal det og veljast nominasjonsnemnd.

§ 4. Styret

Styret står for den daglege drifta av Sunnfjord SV. Styret skal leie Sunnfjord SV innanfor ramma av partiprogram, sentrale vedtekter og arbeidsplan vedteken av årsmøtet.

Sunnfjord SU har 1 medlem i styret. Denne medlemmen møter med like rettar som dei andre medlemmane i styret.

Det skal førast protokoll frå alle styremøte i Sunnfjord SV.

§ 5. Medlemsmøte

Medlemsmøte er Sunnfjord SV sitt høgste organ mellom årsmøta. Medlemsmøte vert kalla inn av styret, eller når 1/3 av medlemmane krev det. Innkalling til medlemsmøte skal sendast til medlemmane minst 1 veke før møtet skal haldast.

§ 6. Nominasjon

Nominasjonsnemnd skal veljast på årsmøtet året før kommunestyreval. Nominasjonsmøtet skal kunngjerast med 30 dagars varsel. Alle medlemmer i Sunnfjord SV har stemmerett i nominasjonsmøtet. Innstillinga frå nominasjonsnemnda skal sendast ut til medlemmene seinast 14 dagar før nominasjonsmøtet. Nominasjonsmøtet skal seinast haldast som eige sær møte på årsmøtet i valår.

§ 7. Partiskatt

Medlemmer i lønna tillitsverv skal betale partiskatt til Sunnfjord SV av den lønn som følgjer med tillitsverv i kommunestyret. Partiskatten er sett til 5 % av netto utbetalt godtgjersle. Det skal ikkje betalast partiskatt av betaling for tapt arbeidsforteneste.

§ 8. Vedtektsendringar

Endringar i vedtektene kan berre gjerast med 2/3 fleirtal på årsmøtet i Sunnfjord SV.